

# **Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS - Organisasjonsnr. 985 228 825**

---

## **Vedtekter for Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS**

### **§ 1 Selskapet sitt namn.**

Selskapet sitt namn er Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS.

### **§ 2 Selskapet sitt forretningskontor.**

Selskapet sitt forretningskontor er i Bømlo kommune.

### **§ 3 Selskapet sitt føremål.**

Selskapet sitt føremål er kjøp, utbygging, drift og vedlikehald av vatn og avløpsanlegg i Bømlo kommune, og andre oppgåver i tilknytning til dette. Selskapet kan også utføra oppdrag for andre kommunar og privat verksemd, og engasjera seg i liknande verksemd. Selskapet skal grunna sitt allmenntyttige føremål drivast etter sjølvkostprinsippet.

Administrasjonsmålet til selskapet skal vera nynorsk.

### **§ 4 Selskapet sin aksjekapital.**

Selskapet sin aksjekapital er kr. 3 000 000.

Kvar aksje sitt pålydande er kr. 100 000. Aksjekapitalen er fordelt på 30 aksjar.

Selskapet er eit heileigd kommunalt aksjeselskap.

### **§ 5 Utbytte.**

Det skal ikkje betalast utbytte til aksjonærene. Selskapet skal drive si verksemd etter sjølvkostprinsippet. Eventuelle overskot skal nyttast til finansiering av tiltak innanfor vassforsyning og avløpsutbygging i Bømlo kommune.

Ved eventuell oppløysing av selskapet skal eigenkapitalen nyttast til utbygging og drift av vatn og avløpsanlegg i Bømlo kommune.

### **§ 6 Selskapet sitt styre.**

Selskapet sitt styre skal ha frå 5 - 6 medlemmar med 2 stk nummererte varamedlemmar.

Generalforsamlinga vel 5 av styremedlemmane og varamedlemmer.

Generalforsamlinga kan gjere vedtak om at dei tilsette skal ha eit styremedlem med varamedlem, som veljast av og blant dei tilsette i selskapet.

Styret blir valt for 2 år av gangen. Styret sin leiar og nestleiar blir valt ved særskilt val av generalforsamlinga.

## **Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS - Organisasjonsnr.**

---

### **§ 7 Selskapet sin signatur og prokura.**

Signatur teiknast av leiar i styret saman med eit av styremedlemmane. Styret kan meddele prokura.

### **§ 8 Sal av aksjar.**

Overdraging av aksjar må for å vera gyldige vera godkjent av selskapet si generalforsamling.

### **§ 9 Generalforsamling.**

Selskapet si ordinære generalforsamling skal heldast kvart år innan utgangen av juni, og skal handsama følgjande :

1. Godkjenning av årsmelding, årsrekneskap og revisjonsmelding.
2. Disponering av overskot eller dekning av underskot.
3. Val av styre.
4. Fastsetjing av godtgjersle til styret og revisor.
5. Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga.

Kunngjering til aksjonærene om generalforsamling skjer ikkje i offentlege publikasjonar. Årsrekneskapen, årsmelding og revisjonsmelding skal sendast ut seinast 2 – to – veker før generalforsamlinga.

Alle saker som ein aksjonær ønskjer tatt opp i ordinær generalforsamling skal vera skriftleg og sendt styret innan 3 – tre – veker før generalforsamling. Alle dokument som skal leggjast fram på generalforsamlinga, skal i varslingsperioden vera utlagt på selskapet sitt kontor.

### **§ 10 Vedtektsending.**

Vedtektsending og avgjersle om å løyse opp selskapet krev tilslutning frå minst 2/3 av den totale aksjekapitalen i selskapet.

### **§ 11 Generelt.**

Aksjelova sine reglar gjeld i den utstrekning ikkje anna er fastsett i vedtektene.

Selskapet sine vedtekter er sist endra på generalforsamling 21.02.2012.